

# FredagsOpe

Austrheimkyrkja 15 . november

*15. november kl. 19.00 inviterer vi til FredagsOpe i Austrheimkyrkja. Det er første gongen vi arrangerer ein slik kveld, og det blir spanande å sjå om dette er noko folk i Austrheim ynskjer å vera med på og om vi skal arrangera fleire slike kveldar. Desse kveldane ynskjer vi å ta opp livsnære tema i ei litt uformell ramme.*

Denne kvelden skal vi få møta ein person som fortel om livet sitt, ei særskild sterk og utfordrande historie, men og ei historie med håp og inspirasjon. I ein alder av vel 40 år, medan han sona ein dom på meir enn 10 år i Bergen Fengsel, restarta Trond Mathisen livet sitt, lærte seg å lesa og skriva, starta ein årelang traumeprosess med psykolog og tok steg for steg inn i ein ny røyndom, eit positivt liv med retning og mening. Gjennom alt dette har Gudstrua vore eit berande fundament, og eg har hatt gleder av å fylgja Trond gjennom mange år.

Bak seg har han eit liv med ein forsømt og nedverdiggande barndom og ungdom, og ein eigen rushistorie som var i ferd med å ta livet av både han og dei han hadde rundt seg. Trond er no lauslaten, men har fått ein alvorleg kreftdiagnose. Midt i dette skal vi få møta ein mann som har livsglede og framtidsvon og som er aktiv i kyrkje og nærmiljø i Arna, der han no har slått seg ned.

Det vil bli god musikk og song denne kvelden, m.a. har Kjell Bergsvik lova å ta turen heimom frå Askøy med saksofonen sin. Kvelden blir avslutta med eit enkelt kvedsmåltid bak i kyrkja for dei som har høve til å stansa litt att.

Vel møtt!



Nr. 08-2019 Oktober nummeret 48. årgang Nytt stoff innan 12. november 2019



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	90 69 53 77
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaksjon: Svein T Villanger,  
Jostein Hauge  
Leif Arne Økland  
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196

E-post: [kyrkjeba@online.no](mailto:kyrkjeba@online.no)

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

DET SKJER:

Søndag 03.nov kl. 11.00

*Helgemesse*

ved prost Helge Taranrød og prest  
Rune Minde. Her minnst me dei som  
har gått bort det siste året.

Fredag 15.nov kl. 19.00

FredagsOpe i kyrkja

Søndag 17.nov kl. 11.00

Gudsteneste ved Rune Minde

Måndag 18.nov kl. 11.00

Babylunsj på kyrkjelydshuset

Torsdag 22.nov Kl. 20.00

Konsert med Mari Askvik

Laurdag 30.nov kl. 19.00

Lysmesse ved konfirmantane

Torsdag 05.nov Kl. 19.00

Julekonsert i Lervåg bedehus med  
forsongargruppa i kyrkja og musikarar  
frå Lervåg bedehus

# Helge(n)messe

## **Søndag 3. november i år feirer vi helgemesse.**

Den katolske kyrkja feirer alltid helgemesse på ein bestemt dato, den 1. november, til minne om alle som er blitt helgenkåra (kanonisert).

I vår kyrkje har vi ingen helgenkåring. Likevel feirer vi helgemesse på den søndagen som er nærast 01. november. Bakgrunnen for det finn vi i den siste boka i Bibelen, Johannes

Openberring.

Der står det slik (kap.7,v.9):

***«Deretter såg eg ein flokk så stor at ingen kunne telja han, av alle folkeslag og ætter, av alle folk og tungemål. Dei stod framfor trona og Lammet, kledde i kvite klede, med palmegreiner i hendene.»***

Kanskje er det nokre litt uvante bilder i denne teksten, men den gir i alle fall meg ei veldig mektig kjensle. Midt i dødens realitet er det noko som er enno sterkare: livets realitet! Det er det skaren i kvite klede vitnar om, siger over død og grav. Mange tenner lys på

gravene rundt helgemesse. Og lysgloben i kyrkja fyllest med levande lys. Det fortel meg at vi menneske treng å festa liva våre i noko, eit håp og eit ankerfeste i noko større. Semper Major, sa dei gamle: «Gud er alltid større».

Få andre har skildra liv, død og kristen von på ein betre måte enn

salmediktaren Svein Ellingsen. Han har sjølv opplevd den store sorga å mista eit barn. Ein av salmane hans heiter: Nå er livet gjemt hos Gud. Du finn heile salmen i salmeboka nr 872. Det siste verset er slik:

**Nå er livet gjemt hos Gud.  
Vi overgir alt til Ham.  
Håpet er tent i liv og død.  
Ingen er glemt av Gud.**





# Austrheim sokn

## Døypte

29.september: Wilma Braserud Neteland  
Aksel Lygren Leikvoll



## Gravlagde

27.september: Harald Hilmar Strand f. 1933  
 4.oktober: Aslaug Mosvold f. 1923 (urnenedsetjing)  
 18.oktober: Johannes Krossøy f.1923  
 22.oktober: Alv Olai Breisnes f.1929



### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

- Frist 12.nov (julenummer) Ut 28.november.
- Frist 14.jan. Ut 30.jan
- Frist 11.feb. Ut 27.feb
- Frist 10.mars. Ut 26.mars



## Tusen takk

*«Til Austrheim diakoninemd:  
Tusen takk for rosa.  
Hilsen Svein Pedersen.»*

## Hjertelig takk

*til diakoninemda i Austrheim  
ved Solrunn, som kom med  
blomst og vase til dagen min.  
Helsing Ranveig Bakke.»*

## Hjertelig takk

*for rosen jeg fikk på dagen min,  
og for rosebæreren  
Britt som kom med den.  
Hilsen Edit Solberg»*

## Hjertelig takk

*takk til diakoninemnda for  
ros og fek til dagen min,  
og til Aud som kom med den.  
Helsing Hildur Isaksen”*

## Takk

*«Basar Samfunnshuset.  
Resultatet ble 72 695. Takk til  
alle som gav gevinster. Takk til  
alle som kjøpte lodd.  
Basarnemden»*

## Takk

*til alle som deltok og bidrog til  
basaren til misjonsprosjektet  
som vart arrangert av  
Kjerringrokken og soknerådet.  
Det kom inn netto kr 26.800,- »*

## Mange takk

*for den fine rosa jeg fikk til  
86-årsdagen min. Også takk til  
rosebæreren og for den gode  
samtalen.  
Hilsen Jørgen Thorsen.»*

## Ein varm takk

*for omtanke, deltakelse og  
blomster ved vår kjære mor  
Svanlaug Hopland sin  
borgtang. Ein spesiell takk til  
Nordliheimen for god pleie og  
omsorg.  
Aud og Marit med familier.»*

# Min salme

Astrid Unneberg Skodvin

Då eg var spurd om å skrive om min salme, fall tankane mine med ein gong på den vakraste julesalmen eg veit om. Denne salmen føler eg at eg alltid har kunna, men da eg undersøkte litt nærmare bakgrunnen til dette, fant eg fram igjen ei lita gammal, svart salmebok. Denne salmeboka arva eg av mi bestemor Esther, som igjen hadde arva den av si svigermor Astrid.

Bestemors glede for song og musikk, smitta over på meg tidlig som lita, og det var ho

som viste meg kva gleder song og musikk kunne gi. Mange gode minner strøymde tilbake, då eg sat med denne litle boka i handa.

Minner om songstunder med bestemor, og julekonsertar eg hadde vore så heldig å

få synga denne vakre salmen på. Da eg såg nærmare på denne litle salmeboka, var enda lappane der. Dei lappane eg og bestemor putta imellom sidene, for å finne fram igjen de finaste salmane me visste om. Og der blant ein av desse lappane, stod teksten til: Mitt Hjerter Alltid Vanker

## MITT HJERTE ALLTID VANKER

Mitt hjerter alltid vanker,  
i Jesu føderom  
Der samles mine tanker,  
som i sin hovedsum  
Der er min lengsel hjemme,  
der har min tro sin skatt;  
Jeg kan deg aldri glemme,  
Velsignet julenatt.

Akk kom, jeg opp vil lukke,  
Mitt hjerter og mitt sinn  
Og full av lengsel sukke:  
Kom, Jesus, dog herinn!  
Det er en fremmed bolig,  
du har den selv jo kjøpt  
Så skal du blive trolig,  
her i mitt hjerter svøpt.

Jeg gjerne palmegrene,  
vil om din krybbe strø  
For deg, for deg alene,  
jeg leve vil og dø Kom,  
la min sjel dog finne,  
sin rette gledes stund  
At du er født her inne,  
i hjertets dype grunn!



Astrid Unneberg

# “Salmer & Lieder”



Salmer frå salmeskatten møter  
Schumann, Schubert, Kvandal  
og Tveitt. Mari Askvik, mezzosopran  
Knut Christian Jansson, pianist



Billettpris er 150 kr og  
kan kjøpast i døra med  
kontantar eller Vipps

Få med deg den tradisjonsrike

## BEDEHUSDAGEN



Laurdag 16 nov Årås bedehus

Dørene opnar kl 13:00, programmet startar kl 13:30.

Tombola, åresal, trekning av loddbøker, kafé, andakt og song.

Me tek gjerne imot gevinstar og brukte bøker om du ynskjer å støtte drifta av huset.



Dette kan leverast på bedehuset torsdag  
14. nov kl 18:00 til 19:30.

Evt kan du levere

til Audun Gjerde, tlf 942 87 004,  
eller Grethe Monslaup, tlf 456 30 862.



Vel møtt på Årås bedehus



# DEN STORE B.



**Det vart ei flott helg med nesten 50 born til saman som var på forskjellige arrangement. Det gjekk masse bollar, så me er veldig takksam for alle som var med og hjelpte til med baking.**

Eg sit igjen med mange gode minne. Det var ein god gjeng med treåringar som song nattasongar i pyjamasen medan dei heldt godt rundt kosebamsen sin. Fireåringar som med stor entusiasme leitar etter sauene som var blitt borte, der Gunn laga flotte sauelydar medan ho hadde gøymt seg med trådlus mikrofon, og flotte tårnagentar som med iver leitte etter spor i kyrkja etter det forsvunne kyrkjesølv.

I år var tårnagentar ein del av barnehelga, noko som me kjem til å fortsette med. Her møtte dei laurdag ettermiddag for å løyse mysteriet om kven som hadde stole kyrkjesølv, og kor det var blitt av. Dei vart møtt av politisperringar rundt altaret og ein open safe som var ribba for sølv. Her måtte dei finne spor som ikkje hørde heime i kyrkja, og det gjorde dei. Etterkvart så måtte dei gjennom ei laserløype. Den var ikkje så farleg sidan den var laga av raudt garn, men det var veldig kjekt likevel. Spora leidde til slutt opp på barnerommet på galleriet. Der fann dei sølv gøymd i dei hole benkane. Men enno var ikkje gjerningsmannen funnen. Spora leda vidare opp i



# BARNEHELGA 2019



kyrkjetåret, og medan me var der oppe så måtte me sjekke om kyrkjeklokka gav frå seg lyd. Då fekk dei prøve å slå med tresleiv, og jammen meg vart det god lyd. Medan dei siste var på veg ned att frå tårnet, kom nokon borti knappen som får motoren til kyrkjeklokkene å virke, og då fekk me verkeleg høyre kor høg lyd den kan lage. Eg kan love deg at det er høgt! Enno var ikkje gjerningsmannen funne. Det var ein runde ute også. Medan dei vandra rundt og fann fram på skattekartet, fekk dei lese forteljing om Emmausvandarane. Dei gjekk lenge saman med Jesus etter han var stått opp frå dei døde, utan å vite at det var han. Det var etter ein lang dag dei først kjente han igjen.

Skattejakta førte til ein skatt, sjokolademyntar. Og det var ein av dei spora som me hadde funne i kyrkja. Tomme sjokolademyntepapir. Så då me traff Krokko seinare med mange sjokolademyntar på seg, klarte dei å legge saman to og to. Det var Krokko som var gjerningsmannen. Krokko var veldig lei seg og ba om unnskyldning, og heldigvis var tårnagentane så storsinna at dei tilgav han.

Eg vil takke alle som var med denne helga. Særleg takk til Anny og Gunn som stod for alt det praktiske, til Evelyn som m.a var Krokko, og til Amelie og Rune. Uten eit godt team hadde me ikkje klart å gjennomføre denne helga.

*Jostein*



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafé • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarear • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

**Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...**

Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenter AS  
Telefon: 56 16 75 50

**BOSCH**  
Service

Car Service

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

**For everything your car needs.**

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Mini Frisør

Ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 19.

Timebestilling:  
Mand.-Fred.  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna



Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset

Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35

MNTF



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no


**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning  
og tilrettelegging  
ved begravelser  
og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
**56 35 09 10**  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

**HOVUDBIBLIOTEKET:**  
ENDRA OPNINGSTID FRÅ AUGUST  
Biblioteket er ikkje lenger ope for publikum måndagar  
onsdag kl. 14.00 – 19.00  
Tysdag og fredag kl. 10.00 – 15:00

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)  
Tlf.nr 56162007

### FONNES FILIAL:

Torsdag:  
Skulebibliotek frå 11:30  
Biblioteket er ope til klokka 16:30

Epost:  
[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)  
Tlf.nr 56162161



## BASSENGET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små born vert prioritert)  
kl.19-20 Pensjonistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.  
**Legevakt 116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00  
Opningstider for publikum:  
**Kl.08.30 - 15.00.**  
Telefontid: **08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:  
kl **08.30- 15.00**  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

 FAGFORBUNDET

## MEDLEMSMØTE

i Fagforbundet Austrheim og Fedje.

Torsdag 14.11.19 kl. 18.00. Stad:

Samfunnshuset.

KLP- nye regler pensjon frå 1.1.2020.

# ÅRÅS BEDEHUS

**Søndag 20. okt kl 11:00 Formiddagsmøte med nattverd.**

**Tirsdag 29. okt kl. 19.00 Bønnekveld**

**Tirsdag 05. nov kl. 19.00 Bønnekveld**

**Lørdag 16. nov kl 13:00 Bedehusdagen**

**Søndag 24. nov kl 11:00 Formiddagsmøte med nattverd. Karen Sofie Aasmyr talar.**

**Trisdag 26. nov kl 19:00 Bønnekveld**

**Søndag 8. des kl 11:00 Adventsmøte Christian Skoge talar.**

**Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.**

## TUR TIL ISRAEL I VINTERFERIEN?

10.-20.mars 2020

Turen er open for alle som  
vil vera med.

For nærare opplysningar og  
program:

Kontakt reiseleiar Harald Sundsbø,

tlf 95976864-epost

[h-sund@online.no](mailto:h-sund@online.no) eller

Plussreiser tlf. 70179000.

Programmet finn du på [www.plussreiser.no](http://www.plussreiser.no).

Rutefly og viktig med tidleg påmelding.



# Julemesse

Laurdag 30. nov  
Austrheim samfunnshus

Sal av handarbeid m.m. Kafe og loddosal  
Messalet opent kl 11.30-14.30

Arrang. husmorlaget



## BASAR

LITLÅS BEDEHUS

Fredag 29.november kl. 18.00

Andakt ved Asle Hetlebakke  
Åresal  
Barnelotteri  
Sal av diverse varer



Du er hjarteleg velkomen!



Vi skal vere med Giving Hope to a Child til Liberia i januar.  
Vi tek med oss ein ekstra koffert for å ta med mykje små, lette ting vi kan fylle i han. Det kan t.d. vere syposer med tråd, synåler, saks, borrelås, knappar m.m., eller andre små lette ting.

Ta gjerne kontakt,  
helsing Torunn og Kjell-Tore



# 50 års konfirmantane

Søndag 13.oktober møttes dette årets 50 års konfirmantar til gudsteneste i Austrheimkyrkja og til festleg samvær i Kilstraumen etterpå. Ryktene seier at dette er ein samansveisa gjeng, som visstnok treffest nokså jamnt kvart 5. år. Den som hadde reist lengst for å få med seg denne hendinga, bur i Lakselv i Finnmark.

Dei var tilsaman 11 gutar og 11 jenter som vart konfirmerte i Austrheimkyrkja søndag 11.mai 1969. 13 av desse hadde meldt seg på til festen. For å sitera soknepresten, som sjølv vart konfirmert i 1971: «Dagens 50 års konfirmantar ser ut til å bli yngre og yngre.»

*Frå venstre:*

*Laila Karin (Hopland) Larsen,  
Annlaug (Larsen) Slettbakk,  
Torhild (Hope) Rio Finvik,  
Ann-Norunn Marholm,  
Turid (Lohne) Hordvik,  
Astrid Sofie (Langøy) Gausereide,  
Sokneprest Rune Minde.*

*Frå venstre:*

*Svein Olav Steffensen,  
Atle Børnheim,  
Arild Emil Vikene,  
Inge Steffen Sætre,  
Terje Krossøy,  
Hogne Karstein Kahrs,  
Geir Langøy.*



# LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 10.nov. kl 11:00 Familiemøte**

Speiderne i RR-Austrheim deltar

Kafè etter møtet til inntekt for hjelpearbeidet Chime i Uganda

**Søndag 24.nov. kl 11:00 Møte:** Geir Talberg Nattverd Søndagsskole

---

## Høstens BASAR

**Fredag 1. november kl 18:00**



Åresalg

Trekning av loddbøker

Andakt, Sanginnslag

Beverting

## Ungdomskvelder

Fredag 8.nov. kl 19:30

Fredag 22.nov. kl 19:30

fra 7.klasse

## Bønnesamlinger

Onsdag 13.11. kl 19:00

Onsdag 20.11. kl 19:00

Onsdag 27.11. kl 19:00



# Julekonsert

med Austrheim Songlag  
Austrheim Kyrkje  
22.12.19 kl. 20.00

Dirigent: Steinar Ebbesvik

Orgel: William Kay

Piano: Elisabeth Jensen Risnes

Fløyte: Kari Tresnes

Billetter kommer for sal på Mastrevik og Papir

## Personalnytt kyrkjekontoret



Det har i haust skjedd litt endringar og rokeringar på kyrkjekontoret i Austrheim. Evy Beate Uthaug (biletet) er inne i ei 20% stilling som kyrkjelydssekretær her på Austrheim.

Vi har inngått ein leigeavtale med Fedje sokn, der ho nyleg er tilsett i ei 55% stilling.

Motsett veg går kyrkjeverje Leif Arne Økland. Han har no overtatt som kyrkjeverje på Fedje i 20% stilling, utleigd frå Austrheim sokn.

Evy Beate skal i hovudsak arbeida med gravferdsforvaltning den eine vekedagen som ho arbeider på kyrkjekontoret i Austrheim.

*Vi ønskjer henne velkommen i stabsfellesskapet her på Austrheim*

# Julekonsert

Kom og kjenn på julestemninga med eit rikt repertoar av gamalt og nytt, norsk og engelsk

Aktørar:

Astrid Skodvin, Hanne Daae, Karin Haugen, Amelie Knieriem,  
Ann Kristin Sæle, Ana Marie Dode, Svein Villanger, Jostein Hauge,  
Trygve Gjerde, Helge Kaland, Levi Kaland, Stig Skauge  
Tekstlesar: Kjell Dahle

**Torsdag 05.des kl. 19.00 , Lervåg bedehus**  
**kr 150,- (Under 16 år gratis)**



## Laurdag 16.november “Kor for ein dag”

Me lagar til eit kor denne laurdagen.  
Ivar Skippervold kjem og øver med borna,  
og på ettermiddagen vert det konsert.  
Aldersgruppa er 1-7 klasse.

Ivar Skippervold syng,  
spelar og tryllar. Bli  
med på ein kjekk dag  
fylt med song og latter.

